



Fylkesmannen i Hordaland  
Postboks 7310  
5020 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 17/1437 - 17/17960

Saksbehandlar:

Tore Johan Erstad

tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:

13.09.2017

## Høyringsbrev - GBNR 47/29 - Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - Oppføring av fritidsbustad i LNFR-område

### Saka gjeld:

Ved søknad journalført 06.09.2017 har Torill Merete Wiggen søkt om dispensasjon for riving av eldre hytte frå 1940 og oppføring ny fritidsbustad på gbnr 47/29, Rosslund i Meland kommune. Eksisterande eldre hytte blei i følge tiltakshavar oppført på 1940-tallet og har vore i bruk fram til ca 1990. Hytta har stått ubrukt etter dette og er no forfallen.

Det blir elles vist til søknad med vedlegg i sin heilskap.

### Nabovarsling:

Tiltaket vart nabovarsla 04.09.2017 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje opplyst om merknader til tiltaket, men fristen er ikkje gått ut. Administrasjonen vil avklare dette etter utløp av høyringsfristen.

### Lov- og plangrunnlag:

Eigedomen gbnr 47/29,74 er ein uregulert fritidseigedom som i kommuneplanen sin arealdel (KPA) ligg i LNFR-område.

### Dispensasjon etter pbl kap 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå. i § 1-1 i plan- og bygningslova heiter det m.a.: *Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.*

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det blir dispensert frå, eller omsyna i lova sine formål, blir sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar

---

#### Postadresse

postmottak@meland.kommune.no

Postboks 79, 5906 Frekhaug

Besøksadr: Havnevegen 41 A

5918 Frekhaug

#### Kontakt

www.meland.kommune.no

Telefon +47 56 17 10 00

Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722

Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: [www.nordhordlandskart.no](http://www.nordhordlandskart.no)

for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggast særleg vekt på statlege og regionale mål. Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering:

Saka tilstrekkelig opplyst til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast. Det er ikkje vist konkret plassering eller teikningar mv av planlagt fritidsbustad. Dei generelle føresegnene til kommuneplanen vil gjelde dersom det blir gitt dispensasjon, mellom anna maksimal storleik på 120 m<sup>2</sup> BRA, jf føresegn 1.6.14 til KPA.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar skal søknaden om dispensasjon sendast regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga og Hordaland Fylkeskommune Regionalavdelinga til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3). Kopi sendt tiltakshavar til orientering.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad  
Juridisk rådgjevar

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Søknad om dispensasjon GBNR 47/29  
Forenkla ROS-analyse  
Nabovarsel  
Situasjonskart  
Følgeskriv

**Kopi til:**

Torill Merete Wiggen

Gargiaveien 70 9518

ALTA